



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for desember 2009.

Årgang 45

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Oddvar Haugen  
Visepres: Vigdis Riise  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Johan Ole Brandal  
Styremedlem: Magnar Hatløy  
Styremedlem: Anders Riise  
Ansv.red.: Håvard Myrene  
Referent: Ingar Bigset

## Fødselsdagar i desember

Øystein Alme 14. desember  
Elias Leif Sellevoll 15. desember  
Bjørn Teigene 19. desember  
Einar Arne Riise 27. desember

Frammøteprosent i oktober: 73,8 %

---

---

## *Mot jul.*

*Som`ren er borte  
dagene korte,  
men gjennom mørke, tåke og regn  
langt i det fjerne  
lyser en stjerne –  
Betlehems-stjernen, det himmelske tegn.  
Snart skal vi høre  
klokkene føre  
budskap om høytid i hjemmene inn.  
Klart skal det klinge,  
inn skal de ringe  
julen for alle – i hjerte og sinn*

---

## Møte måndag 7. desember – Nytt stadion på Hareid

President Oddvar ynskta velkommen og då spesielt til **Odd Arne Vikebakk** som skulle stå for kveldens program.

Etter oppdatering av klubbens desemberbarn gjekk vi rett på programmet.


Odd Arne Vikebakk er prosjektleiar for dette viktige arbeidet med å få til eit nytt og flott stadion. Han starta med å referere kort frå boka "Hareid idrettslag i 75 år" og om tidligare planar og prosjekt.

Dette vert eit nytt steg mot det komplette stadion.....

Mange er involvert i utbygginga, men Sindre Breivik som representerer idrettslaget og konsulentfirmaet utbyggingsteknikk A/S der også Sindre jobbar - er sterkt involvert.

Odd Arne opplyste oss om grunnforhold og drenering, banedekke og underlag, forutsatte og uforsatte hindringar. Vi fekk innblikk i prosjektet med løpebane, hoppegroper, kortdistansebane, speaker-bod m.m. Eit anlegg til ca. 6,5 million der idrettslaget må skaffe 500.000.- og der 300.000.- skal utførast på dugnad. Det er kalkulert med ca. 2,2 mill. i tippemidlar. Ein reknar med ca. 1,25 mill. i momsfratak. Hareid Kommune bidreg med totalt 2,1 mill.

Mange friske innspill der det meste gjekk på dette med for lite tribune plassar og manglande budsjett for vedlikehald. Uansett, det skal bli spanande og sjå alt ferdig og flott....



## **Møte måndag 14. desember – Juleavslutning med lutefisk og mør**

Salen var pynta med langbord, kvit duk og med raude serviettar. Det lyste jul!!

Og på dei pådekka tallerkenane låg der klar eit ark med julesongar.

Stein Karstensen var invitert for å få oss i enda betre julestemning og kanskje sende med oss nokre tankar inn i julehelga.

President Oddvar var høgtidlig når han opna årets siste rotarymøte og ynskte alle velkomne og då spesielt til Hr. Karstensen.

Opningssongen ”Glade jol” let vakkert i lokalet som no hadde fått ein god eim av lutefisk, mør, og surkål.

Stein fekk ordet og tok oss med på ei reise bak i tid og fekk dei fleste av oss til å bremse litt opp i dette førjulstresset og høyre om tider då dei første julesongane vart til, kven som fekk lov til å skrive dei m.m.

Etter bordverset var det klart for delikatessene. Ingrid Stennes, Lise Muren og Magnar Hatløy serverte oss eit fantastisk måltid og det vart ei lita periode stilt rundt bordet.

Som avslutning Song vi ”Deilig er jorden” - og Presidenten ynskte oss god jul og godt nytt år.